



Hordaland fylkeskommune Opplæringavdelinga

Knut Jordal

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referanser:

Dykker:

Vår: 19/726 - 19/32036

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

30.10.2019

Etterlyser rapportering av fettutskiljar - Gbnr 185/66 Knarvik vidaregåande skule. Førehandsvarsel om tvangsmulkt.

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke dokumentasjon på utført tømming, logging av temperatur eller analyse av utsleppsvatn frå fettutskiljaranlegg ved skulen.

Anlegg er lite i forhold til utstyr som er knytt på anlegg (oppvaskmaskin, sluker, kraner osv). Som vilkår i mellombels løyve til å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett vart det sett krav om tømming av anlegg 6 gonger per år (kvar 2 månad). I tillegg vart det sett krav om logging av temperatur før kvar tømming. Rapporter skulle sendast inn omgåande slik kommunen kan kontrollere om anlegg stettar krav til utslepp.

Lindås kommune ser på fett i kommunalt avløpsnett som alvorleg. Fett fører til tetting av rør slik at risiko for tilbakeslag av kloakk auker. Fett fører også til at silduk i reiseanlegg vert tetta slik at kloakk går ureinsa ut i sjø.

Førehandsvarsel om tvangsmult:

Lindås kommune gir med dette brev eit førehandsvarsel om tvangsmulkt, jf forvaltningslova § 16.

Illegging av tvangsmulkt:

Tvangsmulkt etter forureiningslova § 73 (tvangsmult ved forhold i strid med denne loven).

For å sikre at fastsettingar i denne loven eller vedtak fatta med heimel i denne loven, kan forureiningsmynde fatte vedtak om tvangsmulkt til staten.

Kommunen kan nytte tvangsmulkt for å tvinge fram oppfylling av alle slags plikter som følgjer direkte av forureningsloven, forskrift eller enkeltvedtak som er heimla i lova. Ved brot som kan føre til alvorleg forureining kan kommunen også melde forholdet til politiet.

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m832/m832.pdf>

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune
Opplæringavdelinga

Postboks 7900

5020

BERGEN